



SVEIO KOMMUNE

Plan- og næringsavdelinga

Sveio ligg sentralt mellom bykommunane Haugesund og Stord lengst sør i Hordaland og har om lag 4800 innbyggjarar. Sveio har eit godt utbygd barnehage- og skuletilbod, m.a. med eiga golfline for vidaregåande skule, eit breitt og aktivt idretts- og kulturliv og eit næringsliv i vekst. Sveio kommune set fokus på å vera opne, innovative og venlege i all framferd og planlegging, med ei solid forankring i bygda si historie og gode tradisjonar. Sveio skal vera ein god kommune å bu i.

Oppmålingsingeniør - fast stilling

Grunna stor aktivitet i samband med utbyggingar i Sveio kommune er det ledig fast 100 % stilling som oppmålingsingeniør.

Arbeidsoppgåver:

I hovudsak gjennomføring av kart- og delingsforretningar etter delingslova/matrikkellova.

Kvalifikasjonar:

Minimum 2-årig høgskuleutdanning innanfor kart-, landmålings- og eigedomsfaga.

Praksis innanfor fagområdet vil vera ein fordel, men ikkje noko krav, og nyutdanna blir såleis oppmoda om å søkja.

Det vil bli lagt stor vekt på søkjaren sine datakunnskapar og evne til å arbeida sjølvstendig og målretta.

Søkjaren må disponera bil som kan nyttast i tenesta.

Me tilbyr:

Ordning med fleksibel arbeidstid.

Triveleg og tverrfagleg arbeidsmiljø.

Medlemskap i pensjonsordning.

Konkurransedyktig løn.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Hjelp til å skaffa bustad ved flytting til kommunen.

Godtgjersle etter gjeldande satsar ved bruk av privat bil i tenesta.

Moderne måleutstyr (Leica SR530 og System1200 GPS) og programvare (VG-/GIS/LINE).

Kontaktperson:

Avdelingsleiar Bjarne Hetlesæter, tlf. 53 74 80 51 eller 97 70 48 25.

Det er ønskeleg at den som blir tilsett i stillinga kan byrja innan kort tid. Kvinner blir særleg oppmoda om å søkja.

Skriftleg søknad med kopiar av vitnemål og attestar (som ikkje blir returnerte) blir å senda Sveio kommune, postboks 40, 5559 Sveio **innan måndag 7. april 2008**.

Kommunen sitt søknadsskjema skal nyttast, – dette er å få i offentleg servicekontor på kommunehuset eller det kan hentast på kommunen si heimeside www.sveio.kommune.no